



Arkivnr: 2014/230-71

Saksbehandlar: Torill Klinker

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | | 18.03.2014 |
| Samferdselsutvalet | | 19.03.2014 |
| Fylkesutvalet | | 27.03.2014 |

Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet – utsetjing og vidare framdrift**Samandrag**

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om utsetjing av godkjenning av revidert planprogram for *Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet*.

Planframlegget har vore ute til høyring, der frist for å koma med innspel var sett til 23.12.13. Det har totalt kome inn 84 innspel til planframlegget. Både kommunar, offentlege og private organisasjonar – og ikkje minst bebruarar i Fleslandsområdet - har vore aktive i høyringsprosessen.

Med grunnlag i annonsert oppstart av KVU for nytt logistikknutepunkt for Bergensområdet og alternativ lokalisering av godsterminal på Nygårdstangen finn fylkesrådmannen det på det noverande tidspunkt ikkje hensiktsmessig å leggja fram sak om godkjenning av planprogrammet. Fylkesrådmannen vil leggja fram sak så snart ein kjenner innhaldet i oppdragsbrevet til Jernbaneverket. Der vil det også verta gjort greie for kva alternativ som føreligg i høve til vidare planprosess, og kva som må avklârast i samband med den endelege handsaminga av planprogrammet.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek sak om utsetjing til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkessjef samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.02.2014

1. Bakgrunn

På møte i fylkesutvalet, 31.oktober 2013, vart det vedteke å leggja framlegg til revidert planprogram for *Regional plan for lokalisering av godshamn i Bergensområdet* ut på høyring. Planprogrammet omhandla følgjande tre lokalisersalternativ:

1. 0-alternativet (dagens lokalisering)
2. Fleslandsalternativet (Sletten/Lønningen/Espeland)
3. Kombinasjonsalternativet (Dokken, Ågotnes, Mongstad)

Framlegg til revidert planprogram vart lagt ut til høyring den 9. november, med frist for å koma med innspel sett til den 23. desember. Det har totalt kome inn 84 innspel til planframlegget. Både kommunar, offentlege og private organisasjonar – og ikkje minst bebuarar i Fleslandsområdet - har vore aktive i høyringsprosessen. Raunefjordens venner, som representantar for lag, organisasjonar og bebuarar i Fleslandsområdet, var invitert til å halde ei særskild orientering for samferdselsutvalet på møtet 12.02.2014. Fylkesrådmannen signaliserte i dette møtet at sak om godkjenning av planprogrammet skulle leggjast fram på møtet i samferdselsutvalet 19.03.14. Etter at ein no er kjent med at Jernbaneverket skal starta opp ein KVU-prosess knytt til etablering av eit nytt logistikknutepunkt, ser fylkesrådmannen det som aktuelt å avverna sak om slutthandsaming av planprogrammet.

2. Innspel frå Jernbaneverket

Jernbaneverket har i sitt høyringsinnspel bedt fylkeskommunen om å avverna vidare planprosess til den nasjonale godsstrategien med overordna avklăringer føreligg (2015). Tidleg på nyåret vart det også kjent at samferdselsdepartementet vil gje Jernbaneverket i oppdrag å utgreie ein KVU for nytt logistikknutepunkt i Bergensområdet.

Jernbaneverket har enno ikkje motteke det formelle oppdragsbrevet frå samferdselsdepartementet, men fylkesrådmannen har vore i dialog med statssekretær John-Ragnar Aarset i samferdselsdepartementet og har grunn til å tru at brevet føreligg i nær framtid. Dersom oppdragsbrevet inneheld formuleringar kring tema som hamn og sjøtransport som ein del av eit logistikknutepunkt, vil KVU-arbeidet ha tydelege kontaktflater opp mot den regionale planen. Kva konsekvensar dette vil ha i høve til den vidare planprosessen er det uråd å gå nærmare inn på før innhaldet i oppdragsbrevet er kjend.

3. Fylkesrådmannen si tilråding

Med grunnlag i annonsert oppstart av KVU for nytt logistikknutepunkt for Bergensområdet og alternativ lokalisering av godsterminal på Nygårdstangen finn fylkesrådmannen det på det noverande tidspunkt ikkje hensiktsmessig å leggja fram sak om godkjenning av planprogrammet. Fylkesrådmannen vil leggja fram sak så snart ein kjenner innhaldet i oppdragsbrevet til Jernbaneverket. Der vil det også verta gjort greie for kva alternativ som føreligg i høve til vidare planprosess, og kva som må avklårast i samband med den endelege handsaminga av planprogrammet.